Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vegusdal

Emne: Ymse attåtfôr

Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse): NEG.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmann: Tellef Lunden, f. 1876 i Lunden, og bonde der.

I A og B. Ukjent

II A og B. Tell bort.

III. Ukjent at det er nytta noko av det som er nemnt her. Potetriset tok dei ikkje vare på i Lunden; krøtera fekk eta det dei ville om hausten.

IV. Nei.

V.

1. Det har ikkje vore brukt å koke mat til dyra, så langt T. L. veit.
Men dei måtte ~~lage~~ døye agnene for kyrne fekk dei. Det vil segja at dei la agnene i bløyt i kokande vatn. Dei låg i vatnet frå ~~morgon~~ kvelden til morgonen. Dersom dei vart nøydde til å bruka bjørkelauv til kyrne, slo dei varmt vatn også over det. Kvisten var så tjukk og hard at kyrne åt den

16574

den ikkje utan den vart bløygd.

2. Kring 1900 tok dei til å bruke hakkels. Den vart skoren med hakkmaskin; T. L. kjenner ingen annan reiskap. Hakkelsen la dei i blot i eit stort kar om kvelden. Det låg til om morgonen. Då delte dei det ut i mindre koppar, såen, hadde eitt mjøl på og gav det til kyrne. Dei kyrne fekk hakkelse bare 1 gong om dogen. Før dei tok til med hakkelse hadde dei nytta agnene på same måten

3. Hakkelsen var alltid kalt. Agnene måtte dei døyve i varmt vatn, men det var kalt då kyrne fekk det.

4. Ukjent

5. Fell bort.

6. Fell bort.

7. T. L. kjenner ikkje til at det vart hakk løg.

16574

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING